



Kviteseid kommune

Eining for samfunnsutvikling og teknisk drift

02.11.2023

Standard for vintervedlikehald



Kviteseid kommune

Vedtatt kommunestyret 25.mai 2023

Generelt

Vintervedlikehaldet vil bli gjennomført etter ei byggherrestyrt entreprise. Standarden for vintervedlikehald vil i utgangspunktet vera veileiande då det er byggherren som avgjer når tiltak skal settast inn.

Alternative løysingar for å oppnå eit betre resultat handsamast som endringsmeldingar før- eller i sesongen etter avtale med prosjektleiar i Kviteseid kommune.

Brøyting

Det er lik standard for alle kommunale vegar/plassar.

Vegkategori	Maks snodybde ved tørr sno	Maks snodybde ved våt sno	Gjennombrøyting før kl. Heilagdagrar i ().
Kommunale vegar, plassar og tun	10 cm	5	0600 (0800)

- Utbrøyting til full breidde inkl. busslommer skal utførast med ein gong etter brøyting av vegen.
- Dersom spesielle vêrtilhøve gjer det naudsynt (til dømes vêromslag, vind) skal det brøytast oftare. Det må i stor grad nyttast skjønn.
- Under vedvarande snøvêr skal brøytefrekvensen vere så stor at kravet til maks snodybde overhaldast.
- I tida mellom kl. 22:00 og kl.06:00 må det forventast vanskelegare køyreforhold.
- Ved brøyting og rydding av sno skal det tas omsyn til rekkverk, bruer, skilt, kumlokk, gateljos og andre installasjonar i og langs vegen slik at desse ikkje blir skada. Kontraktøren pliktar å gjere seg kjent med roden(e) før sesongen, og gi tilbakemelding til teknisk drift om eventuelle manglar som kan bety noko for arbeidet.
- Bortkøyting på parkeringsplassar skal utførast om snoen tek meir enn 1 parkeringsplass. Dette gjeld for alle kommunale parkeringsplasser.
- Det skal brukast totrinns snofres med svingbar tut, etter at sålen er på plass på vegar/stadar ein ikkje får kasta vekk snoen med plog/skjær. Overgang frå skrape til fres er etter samråd med kommunen. Frontmontera plog/skjær kan nyttast på vegar der ein har mogleg for å kaste snoen vekk frå vegen. Ein skal prøve å unngå å frese/skrape sno inn i private avkøytingar/plassar.
- Slitestål skal vera korrigerer. Det kan brukast glatt vegstål på vegar med slaps.
- Brøyteutstyr breiare enn 2,5 m skal ha godkjent dispensasjon frå Statens Vegvesen.
- Tre som legg seg over vegen eller er knekt skal ryddast vekk av den som brøyter.
- Oppsetting av brøytestikk med refleks innan 1 oktober, brøytestikk skal fjernast seinast 31 april.

Strøyting


Vegar strøyast i bakkar, svingar, og i trafikkerar kryss. Det skal strøyast i områder som er trafikkfarleg. Gang- og sykkelveggar skal også strøyast.

Det er entreprenør sitt ansvar å halde sandlager og strøsand. Kommunen har eit sandlager på industriområdet i Kviteseid som kan brukast.

Følgjande rettleiande tabell er gjeldande:

Vegkategori	Maks timar før strøying startar	Maks timer før strøying skal vere ferdig
Kommunale vegar, plassar og tun	2	+4

- Når bremselengde på slett veg og med normal dekkutrusting (halvslitte piggdekk) kommer over 40 m ved hastighet på 50 km/t, skal strøying starte (sjå figur 1). Værutsiktene dei neste timane skal og vere med i denne vurderinga, samt trafikkgrunnlag for den enkelte vegstrekningen.
- Det skal nyttast saltblanda sand med største steinstørrelse på 6 mm (saltinnblanding 30-50 kg pr. m³). Mengde sand skal vere minimum 200 gr. pr. m².
- Entreprenøren på kvar rode har ansvaret for å syte for at det til ein kvar tid er sand i dei kommunale kassene med strøsand.
- **Figur 1: Bremselengder ved ulike friksjon.**



Snorydding

- Rydding av kryss og busslommer skal ryddast fortløpande etter snøfall.
- Private avkøyringar ryddast ikkje. Det ryddast heller ikkje private vegar mellom kommunal veg og gang/sykkelbane.
- Siktrydding utførast innan 2 døgn. Gjeld og framfor forbods- og påbodsskilt. Avkjørslar skal ryddast slik at høgda på brøytekant ikkje er over 0,7 m. Det skal vere 4 meter fri sikt inn i avkjørselen. Sikten til kvar side er lista i figur 2.

Figur 2: Sikttabell

Fartsgrense	Fri sikt til kvar side frå 4 m inn i avkøyringa
30	20 m
40	30 m
50	45 m
60	70 m
70	90 m

- I sentrumsgater køyrast snoen vekk i delar av sesongen. Sentrumsgater ryddast helst om natta (pga. trafikk).
- Kommunale plassar og tun ryddast før og etter arbeidstid.
- Leskur ryddast innan 2 døgn.

